



FRITT RETTSRÅD

Elektronisk skjema-løysing

VILKÅR FOR BRUK/PERSONVERNERKLÆRING

Om ordninga

Elektronisk skjema ei løysing der advokatar, advokatfullmektigar og rettshjelparar kan fylla ut og sende inn skjema for vedtak og søknader om fritt rettsråd til Fylkesmannen. Frå 28.11.2016 har tolkar fått ein avgrensa tilgang til løysinga, ved at dei kan logge seg på og registrere og sende inn salærkrav for tolkeoppdrag i fritt rettsråd-saker.

Alle som samtykker i vilkår for bruk kan nytte ordninga. Ordninga er tilgjengeleg via internett 24 timer i døgnet.

Generelt i høve til lovverk som forvaltningsverksemd og advokatverksemd

Det som er bestemt nedanfor gjeld som utgangspunkt berre for løysing for vedtak og søknad om fri rettshjelp etter denne ordninga. Elektronisk skjema gjer ingen endringar i høve til rettar og plikter etter forvaltningslova, eller etter andre lover og føresegnar som regulerer forvaltninga sitt virke. Heller ikkje gjer skjema endringar i lover og forskrifter som gjeld for advokatverksemd så som teieplikt og god advokatskikk.

Tilhøve til vilkår for tildeling av fri rettshjelp

Elektronisk skjema byggjer på dei reglane og føresegnene som til ei kvar tid gjeld for tildeling av fri rettshjelp. Der den elektroniske løysinga vurderer vilkår etter lov og forskrift automatisk (dataprogram), er Fylkesmannen ansvarleg for at desse funksjonane er i samsvar med dei reglar og føresegnar som til ei kvar tid gjeld.

Særlege reglar for elektronisk sakshandsaming

Søklar (klient) har rett til innsyn etter reglane i Personopplysningslovens § 18 om all informasjon som er lagra om han i elektronisk løysing, og skal varslast/opplysast om at det blir innhenta informasjon om ho/han etter reglane i personopplysningslova § 19 og 20. Søklar (klienten) skal varslast skriftleg. Anten gjennom eige skjema utvikla for den elektroniske løysinga, eller i advokaten si faste oppdragsavtale. Om advokaten vel å varsle i eiga oppdragsavtale, er han sjølv ansvarleg for at det går fram at klienten har gitt eit informert samtykke til innhenting av personopplysningar elektronisk.

Ansvar etter personopplysningslova

Generelt

Fylkesmannen er behandlingsansvarleg for opplysningar som vert sendt inn gjennom ordninga, og har plikt til å melde/søkje konsesjon hos Datatilsynet.

Fylkesmannen har ansvar for datatryggleik. Fylkesmannen skal sikre alle data vert handsama med tryggleik for integritetsvern (konfidensialitet), dokumentintegritet og rett identitet. Vidare at data er tilgjengelege for dei som har rett til å få dei. Fylkesmannen har og plikt til å utarbeide dokumentasjon som syner at Fylkesmannen utfører oppgåvene i samsvar med personopplysningslova og reglar gitt i medhald av denne lova (internkontroll.)

Serleg om ansvaret som databehandlar

For bestemte opplysningar som Fylkesmannen formidlar frå tredjemann, er Fylkesmannen databehandlar og ikkje behandlingsansvarleg. Som databehandlar har Fylkesmannen eitt meir avgrensa ansvar, jf. reglane i personopplysningslova §§ 11-17 jf. § 2, nr. 5. Dette gjeld for desse leverandørane:

- Opplysningar frå Tilsynsrådet for advokatvirksomhet (Tilsynet) om gyldig og aktiv advokatbevilling.
- Opplysningar frå Skattedirektoratet om netto formue og samla skattbar inntekt.
- Opplysningar frå Folkeregisteret?

Fylkesmannen sin tilgong til og bruk av ovannemnde opplysningar er regulert i eiga avtale med kvar av desse partane, og Fylkesmannen har mellom anna plikt til å sikre:

- Dataintegritet (samsvar med leverte data)
- vern mot urettmessig innsyn (konfidensialitet)
- tilgjenge for dei som skal ha det, innsyn i kva som er lagra om det vert kravd.

Innsyn

Fylkesmannen har plikt til og gje dei som har rett til innsyn etter personopplysningslova, innsyn i alle opplysningar, og samanstillingar av opplysningar, som er gjort gjennom innsamling av data gjennom denne ordninga. Dette gjeld både opplysningar som er lagra for eventuell bruk (databasar), og opplysningar som framskaffa gjennom innsending av søknad/vedtak om fri rettshjelp.

Logging

Fylkesmannen har rett og plikt til å logge alle oppslag som vert gjort mot eksterne kjelder for informasjon om einskildpersonar. Med ekstern kjelde er meint personopplysningar om klient som likningsopplysningar og opplysningar om namn og bustad (folkeregister.) I loggen går fram kva advokat som har gjort oppslaget, kven det er slått opp på, når oppslag vart gjort og kva opplysning det var spurd om.

Sikker linje

Alle data blir overført kryptert (sikre linjer) mellom datamaskina di og serverane våre slik personopplysningsforskrifta krev.

Gjensidige rettar og plikter

1. Kven har rett til å nytte ordninga

Advokatar og rettshjelparar som er registrerte med aktiv bevilling hos Tilsynsrådet for advokatverksemd har rett til å nytte ordninga med elektronisk oversending av vedtak og søknad om fri rettshjelp. Advokatar kan delegere tilgong til advokatfullmektigar, og tolkar har ein avgrensa tilgong for å kunne registrere og sende inn salærkrav for tolkeoppdrag.

2. Kva kan ordninga nyttast til

- a) Ordninga kan berre nyttast til å:
- b) sende inn søknader eller salær oppgåver i saker etter lov om fri rettshjelp der Fylkesmannen skal betale utbetale salær eller handsame søknad
- c) avklare om klient fyller vilkåra om fri rettshjelp i saker der Fylkesmannen skal betale salær eller handsame søknad.

I tillegg må det ligge føre samtykke frå klient til innhenting av personopplysningar.

Bruk av ordninga til andre formål, som til dømes å skaffe seg informasjon om personlege tilhøve utan samtykke frå den det gjeld, blir rekna som misbruk av ordninga.

3. Nekte tilgong

Fylkesmannen kan med umiddelbar verkknad nekte ein advokat tilgong til skjemaopplysninga dersom:

- a) han/ho blir teken ut av Tilsynsrådet for advokatverksemd si database over advokatar med aktiv bevilling, eller
- b) misser eller seier frå seg advokatbevillinga,
- c) grunngjeve mistanke om at advokaten nyttar skjema til andre føremål enn det er tiltenkt som for eksempel og urettmessig skaffe seg til tilgong til personopplysningar på andre enn klientar ho eller han har tildelt eller vil søkje om fri rettshjelp for,
- d) Grunngjeve mistanke om at advokaten har søkt å skaffe seg salær etter ordninga med fri rettshjelp på urettmessig grunnlag.

Andre brukarar (rettshjelparar, advokatfullmektigar, tolkar), kan også bli nekta tilgong til skjemaløysinga ved tilsvarande årsaker som nemnt ovanfor under punkt a, b, c og d.

4. *Samtykke frå søkjar/klient til å hente inn personopplysningar*

Advokat som nyttar ordninga pliktar å skaffe informert samtykke på slikt skjema som Fylkesmannen bestemmer før advokaten enten:

- a) å vurdere om søkjaren (klienten) fyller vilkåra for rettshjelp, eller
- b) sender inn sak/søknad elektronisk.

5. *Innsyn i skjema for samtykke*

Den som nyttar ordninga gjev samtykke til at Fylkesmannen i samband med undersøking av misbruk, eller generelt tilsyn med ordninga, kan få innsyn i all skriven dokumentasjon der det går fram at klient/søkjar gjev samtykke til innhenting av personopplysningar.

6. *Identifikasjon og sikring av data*

Fylkesmannen fastsett kva type ordning for elektronisk ID/PKI som til ein kvar tid kan nyttast. Ordninga skal minst tilsvara standarden "person høyt" i Retningsliner for bruk av PKI i offentlege verksemdar, versjon 1.02, gitt ut av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

7. *Tilgong og vedlikehald*

Eventuell stenging (nedetid) skal varslast på sida for pålogging.

8. *Rettleiing og brukarstøtte*

Fylkesmannen har plikt til å syte for brukarstøtte. Med brukarstøtte er til dømes meint:

- ofte spurte spørsmål eller liknande hjelpemateriell/informasjon
- rettleiing på telefon eller e-post.

9. *Avgrensing av ansvar PKI (public key management)*

Løysing for bruk av PKI er leverandøren sitt ansvar. Krav om retting og hjelp i samband med funksjonsfeil og manglar ved kort/kortløysing, skal rettast til leverandør av PKI løysing. Fylkesmannen har ansvaret for at systemet støttar alle PKI løysingar som Fylkesmannen har godkjent/opna for bruk for.

10. *Advokaten/tolk/brukar sitt system*

Fylkesmannen har ikkje ansvar for feil/manglar som skuldast datamaskin/programvare i advokat/tolk/brukar sitt eige datasystem. Fylkesmannen har plikt til å opplyse om kva maskin/programvare som er naudsynt for at ein skal kunne nytte ordninga (type og versjon av operativsystem.) Vidare skal Fylkesmannen syte for at systemet støtter dei siste versjonane av dei mest brukte nettlesarane.

11. *Datatryggleik*

Elektronisk løysing gjer ingen endring i brukarane sitt ansvar for å syte for datatryggleik for eige datasystem etter dei reglane som til ein kvar tid gjeld for dette. Fylkesmannen er berre ansvarleg for trygging av all datatrafikk som vert sendt via den elektroniske løysinga.

Samtykke

Ved å logge inn på løysinga godtek du gjeldande «Vilkår for bruk/personvernerklæring».

Kontaktinformasjon

Ved spørsmål til løysinga, kan Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kontaktast på e-postadressa rettshjelp@fylkesmannen.no

05.12.2016

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane